

Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Valdres Skog

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

SVENIN - 26/1133

V83, 37/1

06.07.2026

Saksnr.	Utval
198/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
175/26	Kommunestyret

37/1 - Svar på søknad om bygging av enkel traktorveg

VEDTAK:

- Kommunedirektør v/leiar for næring, plan og byggesak gir Valdres Skog v/ Arnstein Kvaal løyve til nybygging av enkel traktorveg.
- Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:
 - Vegen skal byggast etter godkjent trasé og i samråd med Normaler for landbruksveier gjeldande for vegklasse 8.
 - Naturlege dreneringsmønster skal oppretthaldast. Naudsynte tiltak gjennomførast under og etter avslutta hogst. Vurdering av stabiliteten til massane og evt. tiltak for å redusere risiko for ras skal vurderast fortlaupande.
 - Område med yngre skog skal settast igjen.
 - Det skal takast tilstrekkeleg omsyn til naturmangfald, landskap og kulturminne i anleggsperioden. Dersom det vert gjort funn av automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og kommunen varslast jf. kulturminnelova.
 - Det skal takast omsyn til registrert MiS-figur under både hogst og vegbygging.
 - Vasshandtering, dreneringsanlegg og vedlikehald av vegen skal planleggjast, utførast og vedlikehaldas i samsvar med gjeldande rettleiingar og normalar for landbruksvegar.
 - Vegen skal til ei kvar tid haldast i slik stand at han fungerer etter føremålet. Naudsynleg vedlikehald av veg, grøfter, stikkrenner og andre dreneringstiltak skal gjennomførast ved behov. Grunneigar er ansvarleg for vedlikehaldet.
 - Etter ferdigstilling skal vegområdet ryddast og setjast i stand slik at det vert godt tilpassa landskapet.
- Løyvet er gyldig i tre år frå vedtaksdato. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan fristen, fell løyvet bort. Når vegen er ferdig bygd, skal det gis melding til kommunen om at vegtiltaket er klar for godkjenning.


Saksopplysningar:

Valdres Skog søker på vegne av Torgeir Warberg Vestheim (gnr/bnr 37/1) om bygging av enkel traktorveg. Valdres Skog er planleggjar av prosjektet. Lengde på nyanlegg er på totalt


Sentralbord:	Dir. telefon:	Org.nr:	E-mail:	Heimeside:
61 35 25 00	47683426	961382068	nina.karoline.svensrud@oystre-slidre.kommune.no	www.oystre-slidre.kommune.no

507 meter, med eit kostnadsoverslag på kr 40 000,-. Det skal byggast to ulike vegtrasear (figur 1). Dekningsområdet for vegen er kring 706 daa skog. Av dei 538 daa produktiv skog, derav 1500 m³ hogstmoden skog.


Vegen skal byggjast i landbruksvegklasse 8 – enkel traktorveg. I søknaden blir det opplyst at alle vegtraseane skal pyntast etter drift, og at naturlege vassvegar ikkje skal påverkast av tiltaket.



Figur 1: Vedlagt kart som syner planlagde nyanlegg på eigedom 37/1. Raud linje indikere eksisterande veg.



Figur 2: Figuren syner kjende og aktuelle verdiar knytt til miljø, landskap og kulturminne i område der nyanlegget er planlagt. Raudt område er aktsemdområde for snøskred, medan brunt område er aktsemdområde for jord- og flaumskred.



Figur 3: Figuren syner registrert MiS figur (grønt stripa område).

Vurdering:

Søknaden skal behandlast etter landbruksvegforskrifta, då 100% av samla nytte er landbruksinteresser (100% skogbruk).

Nybygging og ombygging av landbruksvegar krev vurdering etter *Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar og Naturmangfaldlova*.

Landbruksvegforskrifta er heimla i skogbrukslova, og skal sikre at planlegging og bygging av vegar for landbruksvegformål skjer på ein måte som gir landbruksfaglege heilskaplege løysingar. Landbruksvegforskrifta krev òg at det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar knytt til miljø, landskap, kulturminne, friluftsliv og omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som rørast av vegframføringa, jf. § 1-1.

Den omsøkte vegen vil falle inn under vegklasse 8 – enkel traktorveg, som er den lågaste vegklassa i byggenormalen. Vegklassa er tilpassa enkle driftsvegar med avgrensa terrenginngrep og låg teknisk standard. Dette inneber at breidde, stigning, drenering, kurvatur og øvrige tekniske løysingar skal utførast i samsvar med krava for denne vegklassa. Standaren på vegklassa er vurdert som tilstrekkeleg for formålet med tiltaket.

Tiltakshavar har dokumentert eit driftsmessig behov for ein enkel traktorveg for å betre tilkomsten til skogsareal. Vegen vil leggje til rette for rasjonell drift og tryggare transport, og tiltaket er i tråd med forskrifta sitt krav om at vegtiltak skal vere naudsynte og føremålstenlege for skogbrukverksemda.

De omsøkte vegtraseane er i hovudsak lagt med utgangspunkt i eksisterande trasé i området. Tiltaket omfattar òg nybygging av veg i eit relativt bratt terreng. Slike forhold stiller skjerpande krav til planlegging og utførelse, blant anna med omsyn til terrengtilpassing, massehandtering, drenering og erosjonssikring, jf. gjeldende normaler for landbruksvegar.


Formålet med vegbygginga er å etablere tilkomst til skogareal der det er planlagt hogst, samt for etterfølgjande skogkulturtiltak som planting.

Ein av dei planlagde traseane ligg innanfor aktsemdområde for snøskred (figur 4). Nedanfor driftsområdet ligg Vølsbuvegen (fv. 2490) og noko busetnad. Det er opplyst at det skal settast att eit felt med ungskog nedanfor det planlagde vegtiltaket. Området med mogleg skredfare må det visast særleg aktsemd ved planlegging, bygging og vedlikehald av skogsvegar. Tiltaket ligg i område med morenemassar, som vurderast å ha stabile massar dersom vassvegar ikkje endrast.

Saka har vore til uttale hjå NVE. Dei peikar på at etablering av landbruksvegar i bratt terreng kan påverke den naturlege dreneringa og auke risikoen for jord- og flaumskred. Vegbygging kan føre til at overflatevatn blir leia til område eller vassvegar som ikkje har tilstrekkeleg kapasitet, noko som kan medføre erosjon og i verste fall utløyse skred. Risikoen kan òg auke ved manglande vedlikehald. Kommunen legg derfor til grunn at vasshandtering, dimensjonering av dreneringsanlegg og framtidig vedlikehald må utførast i samsvar med gjeldande rettleingar og normalar for landbruksvegar.

NVE peikar vidare på at skog kan ha ein viktig funksjon som vern mot snøskred ved å stabilisere snødekket og redusere sannsynet for at skred losnar. Kommunen vurderer derfor at skogsområde som har betydning for skredtryggleiken bør forvaltast slik at den skredførebyggjande effekten blir oppretthalden.

Kommunen legg til grunn at tiltakshavar og byggherre har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at bygging, drift og vedlikehald av vegen, samt tilhøyrande skogsdrift og andre terrenginngrep, ikkje fører til auka fare for erosjon, skred eller annan skade på omgjevnadene. Med dei føresetnadene som er lagde til grunn for tiltaket, vurderer kommunen at omsynet til naturfare kan ivaretakast gjennom forsvarleg prosjektering, utføring og vedlikehald av vegenlegget.



Figur 4: Figuren syner vegtraseen (blå) som går inn i eit aktsemdsområde for snøskred. Den innteikna vegtraseen byggjer på innsendte teikningar og kan difor avvike noko frå den opphavlege planen.

Ein anna av dei planlagde vegtraséane er lokalisert på nedsida av ein registrert MiS-figur (figur 1 og 3). Denne traséen er planlagd etablert for å gje tilkomst til areal nedanfor figuren, og er opplyst å vere eit mellombels tiltak. Ved vurdering av tiltak i nærleiken av registrerte miljøverdiar skal det takast særskilt omsyn for å unngå forringing av livsmiljø. Mellombelse tiltak kan i nokre tilfelle redusere den varige belastninga, men dette føreset at området vert sett i stand på ein fagleg forsvarleg måte etter avslutta bruk.

Område vert synfart saman med planleggjar av prosjekt frå Valdres Skog AS og grunneigar den 16.06.2026.

Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12, jf. nml. § 7:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Relevante kartlag er sjekka i databasane Kilden (NIBIO), Naturbase (MDir), Artskart (Artsdatabanken), sensitiv artsdata (MDir). Kommunen legg til grunn at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å vurdere tiltaket. Det er ikkje registrert naturtypar, raudlista artar eller andre verdifulle miljøførekomstar i området som blir påverka av tiltaket.

§ 9 Føre-var-prinsippet: Etter kommunen sin vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om og verknadar på naturmangfaldet. Tiltaket er av avgrensa omfang og er vurdert til å ikkje medføre risiko for alvorleg skade på naturmangfaldet. Det er ikkje grunn til å nytte føre-var prinsippet i strengare grad enn vanleg.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Tiltaket vil gi ei avgrensa og lokal påverknad. Det er ikkje andre kjende tiltak i området som saman med dette vil gi ei uakseptabel samla belastning på økosystemet. Traktorvegen vil tene eksisterande skogsdrift og endrar ikkje arealbruken i vesentleg grad. Den samla belastninga på naturmiljøet blir vurdert som låg.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar: Tiltakshavar må sjølv bere kostnader knytte til eventuelle avbøtande tiltak dersom det under gjennomføringa skulle kome fram uventa naturverdiar eller miljøutfordringar. Det er ikkje grunnlag for å påleggje særskilde kostnader utover dette.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar: Tiltaket skal gjennomførast med skånsame metodar som er vanlege ved bygging av enkle traktorvegar. Det blir lagt til grunn at tiltakshavar nyttar teknikkar som minimerer unødige terrenginngrep, erosjon og avrenning, og at arbeidet blir utført i tråd med gjeldande tekniske og geometriske krav til aktuell vegklasse. Dette er tilstrekkeleg for å sikre at tiltaket blir gjennomført på ein miljøforsvarleg måte.

Kommunedirektør v/ leiar av næring, plan og byggesak kan ikkje sjå atomsøkt nybygging av veg er i strid med landbruksvegforskrifta, og løyve kan verte gjeve. Jf. § 3-4, når eit godkjent vegtiltak er ferdig bygd eller ombygd skal det gis melding til kommunen om at vegtiltaket er klart for godkjenning.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Nina Karoline Svensrud
Rådgjevar landbruk og utmark

Vedlegg

Kopi til:

Statsforvalteren	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Innlandet			
Torgeir Vestheim			

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar